



Kommunar i Hordaland

## Tilbakemelding til kommunane etter innhenting av helseberedskaps- og smittevernplanar

Fylkesmannen skal følgje med på at kommunane i fylket har oppdaterte smittevernplanar i tråd med kravet i smittevernlova. Smittevernplanen skal sjåast i samanheng med plan for helsemessig og sosial beredskap.

I brev av 13.06.2017 bad vi om å få tilsend desse planane for kommunane Lindås, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Vi har òg motteke ny smittevernplan frå Ulvik kommune.

Vi har no gått gjennom dei tilsende planane og vil kome med ei generell tilbakemelding.

Kommunane må vere merksame på at smittevernplanen og plan for helse- og sosial beredskap er ein del av kommunedelplanen, og skal derfor rullerast kvart 4. år. I det minste bør det liggje føre ein plan for revisjon. Planane skal innehalde dato for siste godkjenning, eventuelt revisjon, og kven som har godkjent planen. Smittevernplanen skal godkjennast av kommunestyret.

Det er vesentleg at planane er tilpassa lokale forhold i kommunen, gjerne med ein eigen ROS-analyse til grunn.

For plan for helse- og sosial beredskap bør det liggje føre ein konkret plan for når det skal gjennomførast øvingar.

Med helsing

Sjur Lehmann  
ass fylkeslege/ seksjonsleiar

Kristin Cotta Schønberg  
ass fylkeslege

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*